

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Ulf Ludvigsen
Arkivsaksnr.: 17/1247 - 1

Arkiv: 034

Planlagt behandling:

Hovudutval for lokal utvikling

STILLING SOM IDRETTSKONSULENT - EVALUERING

Bakgrunn for saka:

I handlingsplanen 2016-2019 vedtok kommunestyret oppretting av eit 50% engasjement som idrettskonsulent for perioden 2016 og 2017. Det blei løyvt kr 300.000 til dette for 2016 og kr 400.000 for 2017. Summane omfattar lønsutgifter samt noko drifts- / aktivitetsutgifter.

Engasjementet blei lyst ut i 2016 og idrettskonsulent blei tilsett i 50% stilling frå april 2016.

I samband med spørsmålet om stillinga skal gjerast fast, har ein og bedt om idrettsrådet si vurdering. Idrettsrådet si uttale følgjer vedlagt.

Oppretting av engasjementstilling som idrettskonsulent i Klepp kom ut av eit politisk initiativ – truleg i samspel med Klepp Idrettsråd. Kommunalsjefen ser det derfor som naturleg at det stillinga blir politisk evaluert.

Kommunalsjefen vil likevel understreke at det både for kommunen, idretten og for den som har stillinga, er viktig at det tidleg blir gitt signal om engasjementet skal/bør gjerast fast frå og med 2018.

Organisering av idrettsarbeidet

Ansvar for idrett i Klepp har vore delt mellom kulturavdelinga og vedlikehaldsavdelinga. Vedlikehaldsavdelinga har hatt ansvar for bl.a. spelemiddelsøknader og drift av Klepphallen. Kulturavdelinga har hatt ansvar for kommunale tilskotsordningar til idretten.

Drift av Klepphallen ligg framleis til vedlikehaldsavdelinga, men idrettskonsulenten, som er tilsett i kulturavdelinga, har overtatt hovudansvaret for både statlege og kommunale tilskotsordningar til idretten.

Idrettskonsulenten sine oppgåver

Idrettskonsulenten sine hovudoppgåver blei skissert slik i utlysningsteksten:

- Kommunale tilskotsordningar, idrettslag.
- Spelemiddelsøknadar.
- Generell saksbehandling.
- Rådgeving og rettleiing overfor idrettslag.
- Arbeid med å utvikle lågterskelbaserte idrettstilbod for innbyggjarar som i lita grad deltek i organisert idrettsaktivitet.

I tillegg til desse oppgåvene, eller som ei utdjuping av dei, må og nemnast

- Folkepulsen – (Jfr. LU-sak 43/16).
- Plan for friluft og fysisk aktivitet.
- Arbeid rundt planlegging av nye hallar og anlegg.
- Dialog med enkeltlag. Rådgeving m.m. med tanke på søknadar, søknadsprosessar og utvikling.
- «Brubbyggingsarbeid» og koordinering av dialog og samarbeid mellom lag, idrettsråd og kommune.
- Oversikter og samanlikningsgrunnlag – idrett.

- Ansvar for, og deltaking i samlingar knytt til idrett, i saker der idretten er involvert, eller som gjeld fysisk aktivitet/ friluft o.l.

Vurdering:

Det kan stillast spørsmål ved kor grensene går mellom kva som er kommunen sine oppgåver på idrettsområdet og kor mykje ein skal forventa at idretten sjølv tar seg av.

Uansett utgjer idretten ein vesentleg del av det frivillige aktivitetstilbodet i kommunen. Viss ein ser på medlemstala i idretten, samanlikna med samla medlemstal i andre typar organisasjonar, så har medlemstala i idretten dei siste 12 åra utgjort ca 55-60% av den samla medlemsmassen blant organisasjonar som mottar driftstilskot frå kommunen. Samtidig går omkring 80% av dei kommunale tilskota til lag og foreiningar i Klepp kommune til idrettslag.

Klepp kommune har i ei årrekke hatt fokus på folkehelse. Tilrettelegging for auka fysisk aktivitet er eit viktig tiltak for auka folkehelse blant innbyggjarane

Lokal utvikling sine erfaringar har vore at engasjementet som idrettskonsulent kan oppsummerast slik:

- Administrativ meirkapasitet på idrettsområdet.
- Auka idrettsfagleg realkompetanse.
- Sterkare fokus på samarbeid og dialog for å finna best moglege framtidige løysingar og strategiar for idretten både med tanke på å utvikla anlegg og driftsformer som er i samsvar med innbyggjarane sine behov, som sikrar god, allsidig anleggsutnytting og tiltak som inkluderer og aktiviserer mange i fysisk aktivitet.
- Auka kapasitet på tilrettelegging for den største delen av frivilligheita i kommunen; idretten, samt auka kommunalt fokus på fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv.

Det er planar om bygging av ei rekke idrettsanlegg i åra framover og det vil vera føremålstenleg og kostnadseffektivt å ha kompetente folk, både i kartlegging av behov, planlegging, koordinering og utforming av dette, for å utvikla gode anlegg og driftsformer som sikrar føremålstenleg bruk og for å handtera søknadsprosessar / behandla søknadar til anlegg.

I eit folkehelseperspektiv vil det vera av betydning at det blir arbeidd med å utvikla aktivitetstilbod som kan auka deltaking i fysisk aktivitet, blant innbyggjarane generelt og blant inaktive, spesielt. Utforming av framtidige anlegg, samt gode driftsformer som fremmer frivilligheit, deltaking og inkludering vil vera viktige tiltak for å realisera slike mål.

Kommuneplanen 2014-2025 er det nemnt «trivelege og gode oppvekst- og bumiljø» at «frivillig arbeid er ein viktig bærebjelke i lokalsamfunnet» samt at «barn og unge skal koma i første rekke. Dette inneber at barn og unge skal ha gode oppvekst- og læringsvilkår og gode fritidstilbod.» Stilling som idrettskonsulent kan sjåast i samanheng med desse måla.

I samband med utvikling av kommunal frivillighetspolitikk og kommunen som fasilitator for innbyggjarengasjement vurderer ein at ei stilling som dette kan vera med å fremja og utvikla nettopp slike mål og verdiar

Klepp idrettsråd skriv i si uttale at den aktuelle stillinga kan bidra til å «*spille idretten god*» og at det igjen kan bidra til at idretten kan «*spille kommunen god*».

Klepp Idrettsråd har i si uttale gitt uttrykk for at vidareføring av denne stillinga har høgste prioritet for idrettsrådet. Rådet skriv:

«Utanom å vera eit godt bindemiddel mellom idrettsråd, idrettslaga og kommunen, bidrar stillinga til å gjera idretten god og til å utvikla samarbeid.»

Det blir vist til service, råd og hjelp med nyanleggssøknader, andre søknader, informasjon, motivasjon, kompetanseutvikling, samarbeidsmøter, dialog og fleire konkrete tiltak som idrettskonsulenten har vore involvert i.

Økonomiske konsekvensar:

Her er lagt til grunn vidareføring av ½ stilling.

	År 1	År 2	År 3	År 4
Investering				
Finansiering	400.000	400.000		
Sum investering				
Driftskonsekvensar av investering				
Driftsutgifter	400.000	400.000	400.000	400.000
Driftsinntekter				
Sum drift	400.000	400.000	400.000	400.000

Rådmannen legg denne evalueringa fram til drøfting utan tilråding.

Vedlegg:

- Uttale frå Klepp idrettsråd

Innstilling:

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

Evaluering av stillinga som idrettskonsulent blir lagt fram til drøfting utan tilråding.

Rådmannen i Klepp 16.05.2017

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.